



## STORTINGET

# Lovvedtak 43

(2019–2020)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 130 L (2019–2020), jf. Prop. 124 L (2018–2019)

I Stortingets møte 4. februar 2020 ble det gjort følgende

### vedtak til lov

om endringer i obduksjonsloven mv.

(rettsmedisinsk obduksjon av drepte i veitrafikken og regulering av Statens vegvesens arbeid med ulykkesanalyser)

#### I

I lov 7. mai 2015 nr. 26 om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning gjøres følgende endringer:

§ 1 bokstav b skal lyde:

- b) gi kunnskap om dødsprosessar og dødsårsaker, *førebygging av skadar og ulykker* og bidra til ein påliteleg dødsårsaksstatistikk, og

§ 2 skal lyde:

§ 2 *Verkeområde*

Lova gjeld for medisinsk obduksjon, *rettsmedisinsk obduksjon av drepne i vegtrafikken etter § 7 a første ledd andre punktum* og donasjon av lekam til undervisning og forskning og anna behandling av lik:

- a) §§ 4, 5, 6, 7, 8 og 8 a gjeld for medisinsk obduksjon.  
b) §§ 7 a, 8 og 8 a gjeld for rettsmedisinsk obduksjon etter § 7 a første ledd andre punktum.  
c) *Kapittel 3 gjeld for donasjon av lekam til undervisning og forskning og anna behandling av lik.*

§ 7 gjeld tilsvarande for forskning på biologisk materiale som er tatt ut i samband med ein rettsmedisinsk obduksjon.

Kongen kan gi forskrift om at lova og forskrifter med heimel i lova heilt eller delvis skal gjelde på Svalbard og Jan Mayen og kan fastsette særlege reglar under omsyn til forholda på staden.

§ 3 skal lyde:

§ 3 *Definisjonar*

I denne lova meines med:

- a) obduksjon: ei systematisk utvendig og innvendig medisinsk undersøking av ein død person  
b) medisinsk obduksjon: obduksjon som ein lege har kravd, *der formålet er å påvise eller utelukke forandringar som er forårsaka av sjukdom eller skade*  
c) rettsmedisinsk obduksjon: obduksjon som er kravd etter straffeprosessloven § 228 om sakkyndig likundersøking og obduksjon etter § 7 a første ledd andre punktum  
d) næraste pårørande: næraste pårørande etter pasient- og brukerrettighetsloven § 1-3 bokstav b.

§ 6 overskrifta skal lyde:

§ 6 *Forholdet til rettsmedisinsk obduksjon etter straffeprosessloven*

§ 6 første ledd skal lyde:

Dersom legen etter helsepersonelloven § 36 tredje ledd har plikt til å melde frå til politiet fordi det er grunn til å tru at dødsfallet er unaturleg, kan medisinsk obduksjon ikkje setjast i gang før *påtalemakta* har avgjort at det ikkje skal gjennomførast ein rettsmedisinsk obduksjon.

Ny § 7 a skal lyde:

§ 7 a *Rettsmedisinsk obduksjon av trafikkdrepne*

*Alle drepne i vegtrafikken skal obduserast. Dersom påtalemakta ikkje krev obduksjon etter straffeprosessloven § 228, skal politiet sjå til at rettsmedisinsk obduksjon blir utført etter lova her. Formålet med rettsmedisinsk obduksjon etter lova her er å fastslå dødsårsaka, påvise moglege teikn på sjukdom, skade og inntak av legemiddel og giftstoff, og sjå funna i samanheng med omstende kring dødsfallet.*

*Før rettsmedisinsk obduksjon av den trafikkdrepne etter lova her blir utført, skal pårørande varslast og få høve til å uttale seg, så sant det er mogleg. Obduksjonen skal ikkje gjennomførast dersom ein av avdødes næraste pårørande av religiøs eller livssynsmessig overtyding nekter obduksjon.*

*Rettsmedisinsk obduksjon skal utførast av sakkunnig.*

§ 8 overskrifta skal lyde:

§ 8 *Gjennomføring av obduksjon etter lova her*

§ 8 andre og tredje ledd skal lyde:

*Det kan gjevast undervisning i samband med obduksjonar etter lova her.*

*Departementet kan gi forskrift om korleis obduksjonar etter lova her skal gjennomførast og om avgjeving og bruk av obduksjonsmateriale.*

Ny § 8 a skal lyde:

§ 8 a *Innhenting av helseopplysningar*

*Legen som obduserer etter lova her skal utan omsyn til at opplysningane er underlagde teieplikt få nødvendige helseopplysningar om avdøde.*

Kapittel 4 overskriften skal lyde:

Kapittel 4. Pålegg, tvangsmulkt, straff og forholdet til andre lover

## II

I lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk skal ny § 51 a lyde:

§ 51 a *Statens vegvesens ulykkesanalysearbeid*

*Statens vegvesen skal undersøke vegtrafikkulykker for å klarlegge hendelsesforløp og årsaksfaktorer med formål å forbedre trafikksikkerheten.*

*For dette formålet skal Statens vegvesens ulykkesanalysegruppe foreta dybdeanalyser av alle dødsulykkene på veg i Norge. Ulykkesanalysegruppen skal ikke ta stilling til sivilrettslig eller strafferettslig skyld og ansvar i forbindelse med vegtrafikkulykken. Ulykkesanalysegruppen skal uten hinder av lovbestemt taushetsplikt få utlevert saksopplysninger fra politiet som er nødvendig for gruppens arbeid og obduksjonsrapport om trafikkdrepte.*

*Departementet kan gi forskrift om ulykkesanalysegruppens arbeid.*

## III

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer. Kongen kan sette i kraft de enkelte bestemmelsene til forskjellig tid.

**Tone Wilhelmsen Trøen**

president